



Enklere dialog med det offentlige

Kommunale kraftfond

Kraft-/heimfallsfondet skal fortrinnsvis brukast til næringsformål, som til dømes bedriftsstøtte, tilrettelegging for næringsutvikling i regi av kommunen, stadsutvikling, ulike typar utviklingsarbeid, m.m.

Fondet kan også nyttast til kommunale investeringar i varige driftsmiddel.

Fondsmidla kan ikkje nyttast til å dekkje løpande drift av kommunen, bortsett frå renter og avdrag på investeringar som er gjorde i tråd med formålet til fondet. Unntak er også lønning av næringssjef eller tilsvarande for å forvalte fondet.

Det kan heller ikkje gjevast støtte til bedrifter for å dekkje avdrag og renter på lån eller løpande drift.

Det bør ikkje gjevast støtte til verksemder som tek imot betydelege overføringar over statsbudsjettet.

Støtte kan gjevast i form av lån og tilskot. Midla bør ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Dersom det vert teikna kommunale aksjar, kan ikkje dette utgjere meir enn 30 % av aksjekapitalen i bedrifta. Denne avgrensinga gjeld ikkje utviklingsselskap, utleigebygg o.l. som kommunen etablerer i samarbeid med private interessentar.

Siste endring på denne siden: 13.01.2016

Utskrift frå Altinn:

www.altinn.no/templates/Subsidy.aspx?id=29909&epslanguage=nn-NO